VLFK/26/218 – Avtale om samarbeidspartnarskap til drift av undervisningsløyve til lakseoppdrett

er inngått mellom:

Vestland fylkeskommune ved Måløy vgs (org. nr.)

(heretter kalt skulen)

og
[Namn] (org. nr. xxx)

(heretter kalt oppdrettar)

kvar for seg omtala som «part», samla som «partane».

Vestland fylkeskommune	[Oppdrettaren sitt namn]
Namn: Tittel:	Namn: Tittel:

Avtalen er elektronisk signert. Skulen og oppdrettar har motteke kvart sitt eksemplar.

Innhald

1. ALMINNELEGE FØRESEGNER 3
1.1. Generelt 3
1.2. Partane sine kontaktpersonar 3
1.3. Vedlegg 3
2. AVTALEPERIODE 4
3. ETABLERING OG DRIFT AV SAMARBEIDET 4
3.1. Utleige av konsesjonen 4
3.2. Endring og tilpassing av samarbeidet 4
3.3. Leiing av samarbeidet, organisering og oppfølging 4
4. AVSLUTNING AV SAMARBEIDET VED MISLEGHALD eller vesentleg endring 5
5. ØKONOMISK VEDERLAG 5
5.1. Generelt 5
5.2. Prisendring 6
5.3. Ansvar 6
6. MØTE OG RAPPORTERING 6
6.1. Møte 6
6.2. Målepunkt og rapportering 6
7. BRUK AV UNDERLEVERANDØR 6
8. SERIØSITETSKRAV 7
8.1. Generelt 7
8.2. Krav om betaling til bank og forbod mot kontant betaling 7
8.3. Krav til løns- og arbeidsvilkår 7
8.4. Krav til bruk av lærlingar 8
8.5. Krav ved bruk av innleigde/arbeidskraft frå bemanningsføretak 8
9. Miljøkrav 8
9.1. Generelt 8
10. Kontroll og revisjon 8
11. Rapportering til offentlege myndigheiter 9
12. Misleghald 9
12.1. Kva som vert rekna som misleghald 9
12.2. Varslingsplikt 10
12.3. Avhjelp 10
13. Sanksjonar ved misleghald 10
13.1. Dagbot 10
14. Informasjonstryggleik og personvern 10
15. Konfidensialitet 11
16. Overdraging 11
17. LOVVAL OG VERNETING 11

1. ALMINNELEGE FØRESEGNER

1.1. Generelt

Oppdrettaren skal utføre tenesta med den grad av fagleg dugleik som kan forventast av anerkjente oppdrettarar innanfor tilsvarande eller liknande bransje. Tenesta skal vere i samsvar med krava i avtalen, vere av god kvalitet og eigna for det tiltenkte formålet.

Tenesta skal utførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Oppdrettaren skal innhente og oppretthalde alle naudsynte løyve i samband med utføringa av tenesta, og skal på førespurnad frå skulen leggje fram dokumentasjon på at naudsynte løyve ligg føre.

Oppdrettaren har ved inngåinga av avtalen godteke dei vilkåra som ligg føre. Eventuelle avvikande vilkår er utan verknad for partane med mindre skulen skriftleg har godteke desse. Oppdrettaren sine eigne salsvilkår som eventuelt vert vedlagd følgjedokument, ordrestadfesting eller faktura, vert ikkje akseptert i den grad dei fråviker avtalen.

Denne avtalen gjeld partnarskapsavtale med oppdrettar om å delta i samarbeid om opplæringskonsesjon ved Måløy vgs slik den er definert i vedlegga.

1.2. Partane sine kontaktpersonar

Kvar av partane skal utnemne ein kontaktperson som skal ha fullmakt til å opptre på vegne av parten i alle saker som vedkjem gjennomføringa av avtalen.

Kommunikasjon som vedkjem avtalen skal rettast til partane sine kontaktpersonar. Førespurnadar skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kontaktperson(ar) skulen:

Namn	Rolle	Telefon	E-post
Ellen Jåvold	Rektor	40031715	Ellen.javold@vlfk.no
Monica Elin Kråkenes	Adjunkt	90030516	Monica.elin.krakenes@vlfk.no

Kontaktperson(ar) oppdrettar:

Namn	Rolle	Telefon	E-post

1.3. Vedlegg

Avtalen består av følgjande dokument:

- Avtaledokumentet
- Vedlegg A – Kravspesifikasjon
- Vedlegg B – Oppdrettar si skildring av leveransen
- Vedlegg C – Prisar
- Vedlegg D Databehandlaravtale

Ved motstrid i dokument, skal dokumenta gjelde i følgjande prioriterte rekkefølgje:

1. Avtaledokumentet går føre vedlegga.
2. Vedlegg A går føre dei andre vedlegga.
3. Vedlegg B går føre Vedlegg A der det går klart og utvitydig fram kva punkt som er endra, erstatta eller gjort tillegg til.
4. Skriftleg endringsavtale går føre avtaledokumentet og vedlegga.

2. AVTALEPERIODE

Avtalen gjeld i 10 år frå det tidspunkt skulen får undervisningsløyve frå Fiskeridirektoratet. Avtalen kan ikkje seiast opp med unntak i forholda i punkt 4.

3. ETABLERING OG DRIFT AV SAMARBEIDET

3.1. Utleige av konsesjonen

Avtalen føreset at skulen får den undervisningskonsesjonen på 780 MTB den har søkt om, og at det i vedtaket vert gjeve heimel for å leige den ut til oppdrettar. Dette fordrar at det blir gitt gyldig og tydeleg heimel for utleige i vedtaket. Avtalen skal tilpassast eventuelle vilkår som vert stilt ved tildeling av konsesjon.

Skulen leiger med dette ut konsesjonen til oppdrettar i samsvar med vilkåra i denne avtalen, samt vilkår i vedtaket om tildeling av konsesjon.

3.2. Endring og tilpassing av samarbeidet

Endringar i denne avtalen føresett at det vert inngått skriftleg endringsavtale, som vert signert av begge partar, og godkjennast av Vestland fylkeskommune som skuleeigar.

For det tilfellet at oppdrettar har behov for å endre kva for lokalitetar som vert brukt til opplæring, må det gjevast melding om dette før undervisningsplan for neste skuleår vert sett opp, og at skulen aksepterer dette. Slik aksept skal gis dersom det ikkje er sakleg grunn til å nekte. Sakleg grunn vil for eksempel vere at elevane får lengre eller meir tungvint reiseveg .

3.3. Leiing av samarbeidet, organisering og oppfølging

Partane skal nemne opp kvar sin representant som skal ha eit særleg ansvar for å ta i vare oppfølging av denne avtalen og at samarbeidet utviklar seg positivt. Desse to utgjer styringsgruppa for samarbeidet, og skal møtast minst ein gong pr kvartal. Kvar av dei kan krevje oftare møte dersom ein av partane vurderer at det er nødvendig. Kort referat skal sendast leiinga i dei respektive partane. Ansvaret for referatskriving ligg på skulen sin representant

Leiinga hos partane skal møtast minst 1 gong pr år for å evaluere samarbeidet og diskutere vesentlege saker av felles interesse. Skulen kallar inn til møte i samarbeid med oppdrettar. Begge partar kan krevje hyppigare møter dersom dei vurderer det slik at dette er nødvendig. Skulen kallar inn til første møte rett etter signering av avtalen. Elles føreset ein at samarbeidet utviklar seg fortløpande gjennom undervisninga.

4. AVSLUTNING AV SAMARBEIDET VED MISLEGHALD ELLER VESENTLEG ENDRING

a) Skjer det eit vesentleg misleghald av denne avtalen frå ein av partane, kan den andre heve avtalen.

b) Som vesentleg misleghald reknast mellom anna vesentleg misleghald av pliktane etter læreplanen, undervisinga eller dei øvrige tilretteleggingane.

c) Før heving pliktar skulen å gjennomføre følgande prosedyre: Dersom skulen meiner at oppdrettar er skuldig i vesentleg misleghald av avtalen skal skulen skriftleg varsle oppdrettar om dette. Oppdrettar vil få ein tidsfrist på seg til å rette opp tilhøva, og skulen skal skriftleg stadfeste at avvika er lukka. Dersom skulen ikkje aksepterer å lukke avvika vil dette utgjere eit vesentleg misleghald som gir skulen rett til å seie opp avtalen.

d) Ved heving skal skulen avgjere korleis avtalen skal avviklast og innanfor kva for tidsperspektiv. Skulen kan velje at avviklinga skal skje ved normal fullføring av produksjonen, som i bokstav f. Oppdrettar kan ikkje i noko tilfelle fremme erstatningskrav som følgje av tap som oppstår på grunn av avvikling av avtalen grunna misleghald.

e) Skulen har rett til å si opp avtalen før utløpet av 10-årsperioden dersom skulen mister konsesjonen eller får redusert MTB-en under denne, eller viss undervisningstilbodet vert flytta frå skulen eller lagt ned. Det same gjelder dersom behovet for praksisplassar fell bort av annan grunn. Det same gjeld viss oppdrettar ikkje kan oppfylle sin del av avtalen i 3 månader eller går konkurs. Oppseiingstida er 3 månader.

f) Dersom avtalen vert sagt opp, skal den avviklast utan at pågåande prosjekt eller andre forhold til tredjepart blir skadelidande.

g) Oppdrettar sin konkurs, insolvens, brot på andre vesentlege økonomiske føresetnader, gjentekne brot på avtalen, instruksar eller brot på offentlege lovar og reglar, svik, forsømming eller andre forhold som bryt med tillitsforholdet til skulen, eller forseinking eller manglar som medfører at Skulen sitt formål med avtalen ikkje vert oppnådd, utgjer alltid eit vesentleg avtalebrot.

Opplisting i dette punktet er ikkje å rekne som uttømmande ved vurderinga av kva som utgjer eit vesentleg avtalebrot.

5. ØKONOMISK VEDERLAG

5.1. Generelt

Årleg leigesum skal vere fast og i samsvar med tilbod.

Oppdragsgivar fakturerer årleg leigesum kvartalsvis, i fire like store delar, som forfell forskottsvis 15. januar, 15. april, 15. juli og 15. Oktober.

Det økonomiske vederlaget vert tent opp og utrekna frå konsejsonsløyve er gjeve, føresett at oppdrettar frå dette tidspunktet disponerer undervisningskonsesjonen som høyrer til skulen. Avtalen si start og eventuelle slutt vert delt opp på månadsnivå, slik at ein reknar leige for tal månader konsesjonen er tilgjengeleg for oppdrettar. For eksempel om konsesjonen er klar til å takast i bruk 1. oktober 2026, så blir fastleiga 3/12.

Oppdrettar betaler alle kostnader som ligg i drifta av Løyvet og undervisningstilbodet som vert drive på anlegget, inklusiv klarering av lokalitetar, forbruksmateriale, båttransport av elevar ut til anlegget og alle utgifter som kjem for å halde anlegget i lov- og forskriftsmessig stand. Oppdrettar er også økonomisk ansvarleg for utgifter som følge av myndigheitspålegg etc.

5.2. Prisendring

5.2.1. Endring i prisindeks

Leigesummen kan justerast årleg tilsvarande endring i SSBs konsumprisindeks KPI med utgangspunkt i indeks to månader før avtalens startdato. Leigesummen kan justerast første gong 12 månader etter avtalestart, på dato for avtalestart. Årleg justering betyr at prisjustering, etter varsel, skjer på dato for avtalestart kvart år.

5.3. Ansvar

Oppdrettar tar heile det økonomiske og juridiske ansvaret for løyvet i avtaleperioden, samt for ansvar/pålegg som måtte bli pålagt løyvet gjennom vedtak av offentleg myndigheiter eller følgjer av lov som innehavar av Løyve. Skulen har såleis ikkje ansvar for skader eller tap ved drift og annan verksemd ved anlegget, og konsekvensar som konsesjonsinnehavar, medrekna ansvar for forureining av nokon art, med mindre skulen har opptredd grovt aktlaust.

Skulen er ikkje ansvarleg for eventuelle underskot som eventuelt skule følgje av drifta av konsesjonen. All økonomisk risiko ligg på oppdrettar.

Ved skade/tap av tydning skal skulen varslast. Pålegg/krav om rapportering frå myndigheiter knytt til verksemda ved anlegget er oppdrettar sitt ansvar.

6. MØTE OG RAPPORTERING

6.1. Møte

Møte mellom partane skal finne stad ved behov for å sikre gjennomføring av intensjonane i avtalen.

Dersom ikkje anna er avtalt er skulen ansvarleg for utarbeiding av møtereferat, som skal sendast oppdrettar for godkjenning innan fem verkedagar etter møtet.

6.2. Målepunkt og rapportering

Partane skal fastsetje målepunkt for avtalen ved oppstart. Skulen kan be om rapportar på oppnåing av målepunkt. Oppdrettar skal kostnadsfritt og utan ugrunna opphald utarbeide slike rapportar.

Det skal leverast årleg rapport for oppfølging av oppdrettar sine miljøtiltak.

7. BRUK AV UNDERLEVERANDØR

Dersom oppdrettaren ønskjer å nytte underleverandør, krev dette skriftleg samtykke på førehand frå skulen. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Oppdrettar sine plikter etter avtalen gjeld også underleverandør. Oppdrettaren pliktar å informere underleverandør om dette. Oppdrettar er i alle tilfelle ansvarleg overfor skulen for ytingar frå underleverandør som om oppdrettar stod for ytingane sjølv.

8. SERIØSITETSKRAV

8.1. Generelt

Skulen skal ikkje sjåast som arbeidsgjevar for oppdrettar sitt personell sjølv om slikt personell utfører tenesta eller delar av denne i samarbeid med skulen. Oppdrettar skal sjå til at alt personell som utfører arbeid under denne avtalen har gyldige arbeidsløyve. Oppdrettar pliktar å sjå til at lovbestemte krav til arbeidstid og overtid vert overhaldne.

Oppdrettar er ansvarleg for at fagpersonell har dei offentlege godkjenningar, fagbrev, maskinførarbevis og sertifikat e.l. som er naudsynte for utføringa av tenesta.

8.2. Krav om betaling til bank og forbod mot kontant betaling

Løn og anna godtgjering til eigne tilsette, tilsette hos underleverandør og innleigde skal utbetalast til konto i bank. Alle avtalar oppdrettaren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

All betaling oppdrettaren gjer i samband med utføringa av kontraktarbeid for skulen, skal betalast med elektronisk betalingsmiddel.

Oppdrettaren og eventuelle underleverandør skal på førespurnad utlevere nødvendig dokumentasjon til skulen for å dokumentere at ein oppfyller kontraktsvilkåret.

8.3. Krav til løns- og arbeidsvilkår

Oppdrettaren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hos eventuelle underleverandør som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, har løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn

- arbeidsmiljølovgjevinga, allmenngjeringsforskriftene eller den landsomfattande tariffavtalen som gjeld for den aktuelle bransjen til kvar tid. På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal løns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med ein landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Løns- og arbeidsvilkår vil seie føresegner om minste arbeidstid, løn, inkludert overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike føresegner følgjer av tariffavtalen.

Oppdrettaren pliktar på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandør. Opplysningane skal dokumenterast ved mellom anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og bankutskrift frå arbeidsgjevaren. Dokumentasjonen skal vere på personnivå, og det skal gå fram kven han gjeld. Oppfylling av krav om dekning av reise, kost og losji skal også dokumenterast.

Skulen og/eller andre som opptrer på vegner av skulen, har rett til innsyn i dokument, og rett til å gjere andre undersøkingar som gjer det mogleg for skulen å gjennomføre kontroll med at kravet til løns- og arbeidsvilkår blir halde. Medverknads- og dokumentasjonsplikta omfattar også underleverandørar.

8.4. Krav til bruk av lærlingar

Det er eit krav at leverandør er knytt til ei lærlingordning, at minst ti prosent av arbeidet blir utført av lærlingar og at minst ein person av dei som deltek i arbeidet med å oppfylle kontrakten skal vere ein lærling, jf. forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar.

Kravet kan oppfyllast av leverandøren eller ein eller fleire av underleverandørane.

Utanlandske leverandørar kan oppfylle krav om bruk av lærlingar ved å nytte lærlingar frå ei lærlingordning i opphavslandet eller tilsvarande ordning i anna EU/EØS-land.

Leverandøren skal ved oppstart, og på oppmoding under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere korleis krava vil bli oppfylte. Ved avslutning av kontrakten skal det leggjast fram oversikt over talet på timar utført av lærlingar. Timelister skal leggjast fram på oppmoding.

Kravet gjeld ikkje dersom leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lykkast. Kravet gjeld heller ikkje dersom leverandøren har inngått lærekontrakt, men forhold som kjem av lærlingen gjer at leverandøren ikkje kan nytte vedkommande under leveransen, føresett at leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå ny lærekontrakt utan å lykkast.

8.5. Krav ved bruk av innleigde/arbeidskraft frå bemanningsføretak

Oppdrettaren skal sørgje for at personell frå bemanningsføretak som oppdrettaren nyttar til å oppfylle avtalen med skulen, har arbeidskontraktar som sikrar desse tarifflønn e.l. mellom etterfølgjande oppdrag - anten oppdraga er for skulen eller andre - så lenge avtaleperioden mellom oppdrettaren og skulen varar.

9. MILJØKRAV

9.1. Generelt

Oppdrettaren garanterer at dei i heile avtaleperioden oppfyller miljøkrav stilt i avtalen, i tillegg til å oppfylle miljølovgjeving som til ein kvar tid gjeld. Oppdrettaren skal arbeide aktivt for å minimere miljøbelastninga ved oppfylling av avtalen.

10. KONTROLL OG REVISJON

Skulen skal ha rett til å gjennomføre revisjon, inkludert kontrollar av oppdrettaren og partar i leverandørkjeda, for å sikre etterleving av alle krav spesifiserte i avtalen, inkludert seriøsitets- og menneskerettskrava. Revisjonen skal gjennomførast på ein måte som sikrar at oppdrettaren sine konfidensialitets-, tryggleiks- og teiepliktar overfor andre kundar og tilsette blir vareteken. Den skal ikkje urimeleg forhindra oppdrettaren si verksemd, og omfattar ikkje IT- og tryggingssystem. Revisjonen skal ikkje gjerast av oppdrettaren sine konkurrentar utan oppdrettaren sitt førehandssamtykke, og det vil bli inngått eigen teielovnad for revisjonen. Oppdrettaren pliktar, utan ugrunna opphald, å bidra ved gjennomføringa av slik revisjon, mellom anna ved å oppgje namn og kontaktopplysningar på dei aktørane i leverandørkjeda som skulen ønskjer å kontrollere.

Om revisjon avdekker avvik, pliktar oppdrettaren utan ugrunna opphald å setje i verk korrigerande tiltak. Skulen kan fastsetje ein rimeleg frist for gjennomføring.

Oppdrettaren skal dokumentere rettingane skriftleg på den måten skulen fastset. Dersom brotet har skjedd hos underleverandør, og korrigerande tiltak eller rettingar ikkje blir gjennomført, kan skulen krevje at oppdrettaren skiftar ut underleverandøren. Dette skal skje utan kostnad for skulen.

Oppdrettaren er forplikta til å etterleve etiske krav, miljøkrav og seriøsitetskrav stilt i avtalen, både for eiga verksemd og i leverandørkjeda. Dette skal kunne dokumenterast ved mellom anna eigenrapportering, oppfølgingssamtalar og/eller kontroll av arbeidstilhøva. Ved førespurnad frå skulen er oppdrettaren forplikta til å fylle ut eigenrapporteringsskjema, alternativt leggje fram rapport frå uavhengig revisjon gjennomført dei siste tolv månadene eller anna dokumentasjon på at avtalevilkåra er oppfylt.

Oppdrettaren pliktar på førespurnad frå skulen å leggje fram eigenerklæringar for at det ikkje vert gjennomført produksjon i strid med internasjonale eller produsentlandet sine nasjonale miljøkrav verken hos seg sjølv eller sine underleverandør ved produksjon av varer. Dette inkluderer også produksjon av delelement som seinare skal inngå i ei vare.

11. RAPPORTERING TIL OFFENTLEGE MYNDIGHEITER

Det er Oppdrettaren sitt fulle ansvar å sørgje for at alle offentlege myndigheiter og institusjonar som handlar på offentlege myndigheiter sine vegne får eventuell lovheimla informasjon knytt til arbeidet. Oppdrettaren pliktar å sørgje for at alle underleverandørar i nedstigande line rapporterer til offentlege myndigheiter i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Oppdrettaren og eventuelle underleverandørar skal til ein kvar tid oppfylle sine plikter til å betale skattar og/eller avgifter.

12. MISLEGHALD

12.1. Kva som vert rekna som misleghald

Det ligg føre misleghald frå oppdrettaren si side dersom leveransen ikkje er i samsvar med dei funksjonane, krava og fristane som er avtalte. Det ligg også føre misleghald dersom oppdrettaren ikkje oppfyller andre plikter etter avtalen.

Det ligg likevel ikkje føre misleghald dersom situasjonen kjem av forhold hos skulen eller force majeure.

Skulen skal reklamere skriftleg innan rimeleg tid etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

Om oppdrettaren si utføring av leveransen har slike manglar at skulen sitt formål med leveransen vert vesentleg forfeila, kan skulen velje å likestille dette med forseinking.

Skulen skal reklamere skriftleg innan rimeleg tid etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga. Skulen kan i alle tilfelle gjere misleghaldet gjeldande dersom oppdrettar har opptredd grovt aktlaust, uredeleg eller i strid med god tru.

12.2. Varslingsplikt

Dersom ein av partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal parten så raskt som mogleg gje den andre parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet og så vidt mogleg oppgje når ytinga kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må reknast med ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

Får skulen ikkje slik melding innan rimeleg tid etter at oppdrettaren fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan skulen krevje erstatta tap som kunne ha vore unngått om meldinga hadde kome fram i tide.

12.3. Avhjelp

Oppdrettaren skal byrje på, og gjennomføre, arbeidet med å avhjelpe misleghaldet ved utbetring, omlevering eller tilleggslevering, utan ugrunna opphald og utan ekstra kostnad for skulen.

Skulen kan foreta utbetring for oppdrettaren si rekning dersom oppdrettaren innan rimeleg tid ikkje har utbetra mangelen, eller avhjelp ikkje kan skje utan vesentleg ulempe. I slike tilfelle skal oppdrettaren underrettast skriftleg på førehand.

13. SANKSJONAR VED MISLEGHALD

13.1. Dagbot

Dersom oppdrettar unnlet å oppfylle sine forpliktingar etter denne avtalen, og dette fører til forseinking eller hindring av avtalt undervisnings- og opplæringsaktivitet, kan Måløy vidaregåande skule krevje dagbot.
Dagbota utgjer 0,15% regnet av den årlege leigesummen ekskl. mva~~,~~. Dagbota blir rekna frå og med den dagen misleghaldet oppstod og fram til forholdet er retta.

Dagbot kan krevjast fyrst etter at oppdrettar har motteke skriftleg varsel med rimeleg frist til retting, med mindre misleghaldet er av ein slik karakter at retting ikkje er mogleg.
Dagbota kjem til frådrag i eventuelle krav om erstatning, og samla dagbot kan ikkje overstige kroner 1.200.000,- og er avgrensa til maksimalt 100 dagar.

14. INFORMASJONSTRYGGLEIK OG PERSONVERN

Oppdrettaren skal gjennomføre eigna tekniske og organisatoriske tiltak for å sikre at all behandling i samband med gjennomføring av leveransen oppfyller krava i Personvernforordninga og personopplysningslova med tilhøyrande forskrifter, inkludert krava om informasjonstryggleik i Personvernforordninga artikkel 32. Dersom det ligg føre godkjende åtferdsnormer etter Personvernforordninga artikkel 40 eller ei godkjend sertifiseringsordning etter artikkel 42 som oppdrettaren har forplikta seg til å rette seg etter eller vere sertifisert etter, pliktar oppdrettaren å rette seg etter slike åtferdsnormer eller sertifiseringskrav.

Dersom oppdrettaren skal behandle personopplysningar på vegne av skulen i samband med gjennomføring av leveransen (for eksempel ved konvertering av data), opptrer oppdrettaren som databehandlar jf. personvernforordninga artikkel 4 nr. 8 og partane skal inngå ein databehandlaravtale

jf. Personvernforordninga artikkel 28 og 29. Som databehandlar for skulen skal oppdrettaren behandle og nytte personopplysningar slik det går fram av denne avtalen og av databehandlaravtalen. Oppdrettaren kan ikkje behandle personopplysningane på nokon annan måte. Ved motstrid går databehandlaravtalen framfor denne avtalen når det gjeld behandling av personopplysningar og i tvilstilfelle skal ein velje det tolkingsalternativet som ligg nærast normalordninga i Personvernlovgjevinga, sjå særleg prinsippa for behandling av personopplysningar i Personvernforordninga artikkel 5.

Oppdrettaren skal dokumentere informasjonssystemet og tryggleikstiltaka. Dokumentasjonen skal på førespurnad vere tilgjengeleg for skulen og deira revisorar, samt for Datatilsynet og Personvernnemnda.

Oppdrettaren kan ikkje overlate personopplysningar til andre for behandling utan etter avtale med skulen. Oppdrettaren skal sørgje for at eventuelle underleverandørar som oppdrettaren nyttar, og som behandlar personopplysningar, tek på seg tilsvarande forpliktingar som i dette punkt.

Personopplysningar skal ikkje overførast til land utanfor EU / EØS-området utan at dette er skriftleg avtalt med skulen på førehand.

15. KONFIDENSIALITET

Oppdrettaren og oppdrettaren sitt personell pliktar å handsame alle opplysningar om skulen og leveransen som konfidensielle, også etter at avtaleforholdet er avslutta.

Oppdrettaren skal ikkje offentleggjere inngåing av denne avtalen, eller nytte skulen som referanse, utan skulen sitt skriftlege samtykke. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

16. OVERDRAGING

Oppdrettar har ikkje rett til å overdra sine rettar og pliktar etter kontrakten utan at skulen på førehand har gjeve skriftleg løyve til det.

Skulen har rett til å overdra sine rettar og pliktar etter kontrakten til annan organisasjon, selskap eller liknande dersom dette blir aktuelt i samband med endring i det offentlege si organisering i samband med vidaregåande opplæring eller forhandlingar om avtalen sitt innhald. Dei økonomiske forholda skal framleis vere gjeldande

17. LOVVAL OG VERNETING

Avtalen skal i alle tilfelle regulerast av norsk lovgjeving, og rettstvistar som gjeld avtalen skal løysast etter norske rettargangsreglar.

Tvist mellom partane skal søkast løyst gjennom forhandlingar. Oppnår ein ikkje ei løysing, skal saken gå for ordinær domstolsbehandling. Rett verneting er skulen sitt verneting.